

Turmål 2025 - Vestre Slidre kommune

Bergstjednet 856 moh




Posten er sett opp ved nordenden av Bergstjednet (856 m.o.h.), som er det einaste tjednet på Slidreåsen/Magistadåsen. Parker ved fylkesvegen over Magistadåsen der skogsbilvegen inn til Valdres Crossenter starter. Herifrå fylgjer du skogsbilvegen i ca. 2,5 km før du kjem til eit vegskilje. Her tek du til høgre og fylgjer denne vegen fram til stølen Handeslette.

Du skal ikkje gå opp til stølen, men fylgje vegen vidare langs med tjednet og fram til posten. Den siste delen av vegen er berre ein traktorveg.

Turmål 2025 - Vestre Slidre kommune


Frikstadplassen 531 moh



Gammal buplass opp for Frikstad. På vestsida av Slidrefjorden, parker ca 4 km nord for krysset vest for Einangsbrua. Gå opp skogsveg nord for garden Frikstad eller gå frå stølsvegen Johme-Syndin.

Turmål 2025 - Vestre Slidre kommune

Hamristjedn - Nørre 531 moh




Parker ved Lehøvdvegen – ikkje kjør inn på lokalveg.

Fint å gå / trille innover lokalveg til bua ved Hamristjerna. Posten er plassert ut på odden – ta til venstre før brua og følg stigen heilt ut.

Også mulig å starte frå kryss i Trillebakkadn mot Tjednstølvegen.

Turmål 2025 - Vestre Slidre kommune

Landsrudfeten 1079 moh



Eit turmål som du kan nå frå alle himmelretingane, både til fots, med sykkel, i rullestol og med barnevogn.

Turmålskilt er satt opp ved der skiløypa krysser Vestås-vegen mot Landsrudfeten. Parker her og følg veg / stig oppover mot Storhøvda

Turmål 2025 - Vestre Slidre kommune

Reina 900 moh




Utgangspunktet for tur startar ca 2 km sør Nøsen hotell. Det er parkeringsplass rett før Reina kryssar Panoramavegn.

Følg stig som går mot Rensenn i ca 700 meter. Turmål der hovudstigen krysser «Stølsruta» og skiltet står ved brua. Husk å ta av hovudstigen og gå 50 meter mot brua.

Det er fleire badekulpar langs åne, så ta med badetøy.

Turmål 2025 - Vestre Slidre kommune

Gråkampen 1595 moh



Turmålet går til Gråkampen. Kjør til Buaråne, forbi fyrste avkjøring til Halvorstølen og parker ved neste avkjøring til Halvorstølen. Her vil Turmålskiltet stå. Dersom du kjører så du ser eit grustak må du parkere.


Start turen med å teste den nye stigen som er laga frå grustaket langs ei gamal ferdsleåre. Den gjev fin og jamn stigning opp til «Frøyas benk» - der du kjem inn på den gamle stigen.

NB! Det går mange sauestigar på langs av Bukonofjellet, dersom du blir gåande for lenge på dei same høgdemetrane må du ta til venstre oppover til du finn ny stig å gå på. Når du er oppe på ryggen vil du sjå Gråkampen og stigen som leder deg til topps.

På den siste delen av turen må du vere ekstra observant. Her er det mange gamle fangstgroper å sjå og du går òg i Hulabakkens rike.

Turmål 2025 - Vestre Slidre kommune


Grøsenknippa 1368 moh



Fantastisk turmål som kan nås frå alle kantar. Turmålskilt står på Grøsenhøgde. Parker her og følg lett synleg stig. Toppen ser du nesten heile vegen. Du vil og ha ei fantastisk utsikt på tur opp og ned, denne åleine er verdt turen.

Turmål 2025 - Vestre Slidre kommune

Ormestadtølåd 1010 moh




Parker ved Grønsennhøgde (same P som for Knippa)

Fint å gå samt sykle innover vegen mot Ormestadtølåd – 2,5 km (ikkje kjør bil dit!). Turen gir fin utsikt innover fjellet mot Syndin samt bakover mot Grønsennknippa.

Vegen er dårleg, derfor skal de ikkje kjøre inn her.

Turmål 2025 - Vestre Slidre kommune

Kruk 1582 moh




Turmålskilt ved Pyttingen. Hit kjem du ved å kjøre forbi Syndinsøga , ned mot Pyttingen. Parker her og gå opp langsmed jordene og følg tydeleg stig som startar der bilveg sluttar. Du går og langsmed ein bekk oppover. Etter å ha komme opp det fyrste bratte partiet går stigen ganske mykje til høgre (vestover) og rundt Nonskampen før du svingar rundt denne og opp i steinura. Dei siste metrane går du på ” verdens tak ” med ei fantastisk utsikt i alle himmelretningane, her er stigen utydleg men du vil lett sjå toppen. NB! Du skal runde Nonskampen og kome inn bak og lenger opp for denne lett synlege toppen.

Når du fyrst er på Kruk og har godt vær bør du gå bortom eit anna høgdepunkt. Eit lite fjell med utsikt over heile Helin, Svørsbotn og Svørsåne.

Her kan du og besøke eit vel 1000 år gammalt bøgahi like ved toppen. Dette er freda og er eit ”steingamalt” kjennemerke på korleis folk har brukt fjellet i gammal tid.

Turmål 2025 - Vestre Slidre kommune

Nøsakampen (sør på Gilafjellet) 1449 moh



Kjør Strøsvegen og parker ca 300 m før kryss til Strø. Følg stig forbi nordsida av Skardtjednet.

Er du fyrst oppe på plataet – er det enkelt også å ta med seg Kruk som og er eit turmål.